
– En av mine brødre hadde skiklubb i Tokyo. Vi reiste ofte til Nagano for å stå på ski. En spesiell hendelse var det da den norske kongen forærte ski til det japanske forsvaret. Det var etter en ulykke, der japanske soldater hadde omkommet under en vintermanøver.

– Alt vakkert har vært viktig for meg hele livet. På havna i Tokyo hadde jeg lagt merke til store båter som var mye penere enn alle andre. Det var de norske båtene. Jeg jobbet litt på et utested der sjøfolk vanket. Hadde lært meg engelsk, og kunne prate litt med folkene. En dag kom Arvid dit. Han var den vakreste mann jeg hadde sett! Blå øyne og blondt hår! Jeg ble veldig forelsket!

Heldigvis for Akiko var det gjensidig! Før de visste ordet av det var Akiko og Arvid gift! Arvid hadde da skrevet til sine foreldre på Vinstra og fortalt at han hadde truffet ei japansk jente som han ville gifte seg med. Far svarte at hvis hun var like god som de japanske bilene, var det greit!

– Jeg ble litt fornærmet da! skratter Akiko. – Jeg syntes ikke det var morsomt å bli sammenliknet med en bil! Men jeg tilgav svigerfar, og ble veldig glad i mine svigerforeldre Anne og Anton.

Da Akiko traff Arvid, var hennes egne foreldre døde – far da Akiko var bare fire år, mor da hun var tjueto. Nå

følte Akiko seg fri til å reise, og realisere drømmen hun hadde hatt siden hun var liten. Hun hadde forberedt seg godt!

– Jeg hadde tatt et ekstra kurs i engelsk, og så lærte jeg meg esperanto! Trodde at det kunne brukes ute i verden. Det var nok bortkastet, men engelsken fikk jeg nytte av.

Akiko fikk hyre på båten til Arvid. Båten het «Sonja», ikke unaturlig siden rederiet het Onstad! Rederen var Niels Onstad, Sonja Henies mann.

– Første jobben om bord var å vaske i bunnen av båten. Men snart ble jeg forfemmet til offisérs-messa, der jeg serverte kapteinen og fire andre. Ferden gikk til Pembroke i Wales, og videre til Lisboa og så til Nigeria. Derfra tok vi olje til Bahamas. Det ble tre turer mellom Nigeria og Bahamas. Da vi kom dit på den tredje turen, var jeg gravid. Da mønstret jeg av og reiste hjem til Tokyo for å føde. Stefan ble født i 1972.

Nå var både Akiko og Arvid ivrige på å reise til Norge. Men billetten var dyr, og de måtte ut igjen for å tjene til hjemreisen. Svigerinne og bror til Akiko tok på seg å passe Stefan som da var noen måneder gammel. Akiko og Arvid seilte noen turer mellom Japan og USA, og så var økonomien sikret. Akiko gikk i land i Tokyo, mens Arvid ble med tilbake til Los Angeles. Derfra fløy han hjem til Oslo, mens Akiko tok flyet direkte dit fra Tokyo. Det ble en reise for livet. Vinstra ble fra da av Akikos sted på jorden.

Sine første minner har Akiko fra Nord-Japan. Dit hadde familien blitt evakuert fra Tokyo under krigen. Akiko vokste opp sammen med fem eldre søsken, to søstre og fem brødre. Akiko var attpåklatten som kom 10 år etter den nest yngste. De flyttet tilbake til Tokyo da Akiko var åtte år.

– Min mor og søsknene mine var alle opptatt av kunst. Mor laget japanske dokker, og en søster og en bror malte. Min bror Kichijiro på åttifire, arbeider fremdeles som kostymeansvarslig ved et av Tokyos No-teater, «No-gakudo-teateret».

«No» er en åttehundre år gammel japansk teater-tradisjon, forklarer Akiko. Kichijiro er nå den siste av hennes søsken hennes som lever.

Akiko forteller at da hun gikk ut av ungdomskolen, anbefalte en lærer henne å ta kunstutdanning. Men hennes eldste bror tenkte annerledes.

– Han var farsfiguren i familien, forteller Akiko. – Sammen med kona drev han tre frisørsalonger i Tokyo. Han sa: «Du må bli frisør!» Han tenkte praktisk. Man måtte ha noe å lev av! Da tok jeg frisørutdanning og fikk mitt fagbrev.

Dermed var yrkes-karrieren staket ut. Da Akiko som ung og nybakt mor kom til Norge, ble utdannelsen til nytte. Den hjemvendte sjømannen Arvid måtte skaffe seg en fagutdannelse på land. Det ble et kurs i forskalingssnekring på Kapp, Vestre Toten. De bosatte seg på Gjøvik, og der fikk Akiko både jobb og leilighet ved en frisørsalong i Gamle Trondheimsvei. Men ferden gikk snart tilbake til Vinstra. Akiko ble ansatt i frisørsalongen til Ragnhild Bjørkhaug. I 1977 etablerte de seg med bolig og egen frisørsalong i Høglia. Samme år ble datteren Mio Cathrine født. I 1979 bygget de sitt eget hus på tomten til Arvids foreldre i Torehaugvegen, og fra da av var Akikos salong et kjent og kjært begrep på Vinstra: 1979-87 i Torehaugvegen, 1987-89 i Folkets Hus, og fra 1989 i Nedregate. Da Mio Cathrine tok over salongen med navnet «Miocat», flyttet de til Pettersen-huset i samme gate.

1995 ble det tunge året for Akiko, Arvid og Mio. Den høsten ble Stefan borte. Stor leteaksjon ble iverksatt, men først på våren ble Stefan funnet i Laugen. Han ble bisatt for fullsatt Sødorp kirke i juni 1996. Hendelsen ble både et vendepinkt og en langvarig prøvelse for Akiko, Arvid og Mio.

– Livet ble snudd opp-ned. Jeg måtte gå i meg selv. Hva er meningen, hvem er jeg? Jeg leste mye, og gikk til psykolog. Jeg var glad jeg hadde jobben. Den holdt meg på en måte oppe.

Det ble etter hvert viktig for Akiko å gå tilbake til sine japanske og buddhistiske røtter.



*Strikkedokkene til Akiko har blitt populære! Foto: Kj. Ruset.*



*Akiko lagar selv bilder i mange format og i ulike materialer. Her har hun samlet figurar i stein som hun har slipt i hobbyrommet på Gammelbanken.*



*Dette bildet har Akiko kalt «Min livsreise», der hun også minnes de av sine kjære som har gått bort.*

– Vi hadde gitt barna våre japanske navn, Stefan *Toru* og *Mio* Cathrine. Det japanske har blitt viktigere for meg med årene. Nå måtte jeg hjem til Japan for å finne ut av ting. Jeg måtte gjøre det på min måte.

Akiko forteller om sin japanske pilgrimsreise. I fjorten dager reiste hun rundt til i alt førtifire buddhistiske klostre. Etter en gammel buddhistisk tradisjon ble det gjennomført forbønn for Stefan Toru.

En ny prøvelse meldte seg: Akiko fikk brystkreft.

– Da tenkte jeg: «Nå skal jeg gjøre det jeg vil».

Det var drømmen om kunsten som ikke ville slippe taket. Akiko tok permisjon fra salongen, og søkte seg til Nansen-skolen på Lillehammer, med billedkunst som et hovedfag. Hun bodde på internat sammen med de unge, og var hjemme i helgene. Med Vegar Stalsberg som kunstlærer og mange interessante forelesere, blant annet Arne Næss, ble det et givende år. Akiko har et klart syn på kunst:

– Kunst må kommunisére! Å lage en god suppe kan være like bra kunst som noe annet! Folk kan nyte suppen, og ha felleskap i måltidet.

Akiko har selv vert kreativ i mange format. Fra salongen husker folk fantasisrike dekorasjoner og vakre bilder, signert Akiko. I Byrevegen har hun skapt en ekte japansk hage i minimalistisk stil.

– Minimalismen er veldig japansk. Det er mye folk og liten plass, så japaneren må skape sin hage på et minimum av kvadratmeter, forklarer Akiko.

Det siste Akiko har satt i gang med, er strikking av dokker. De har blitt veldig populære. På Byfesten i høst ble hun utsolgt, men produksjonen fortsetter i stor stil.

– Det som betyr noe for meg nå, er barn, natur og alt som er vakkert. Ingenting annet interesserer meg!

Barna er i første rekke barnebarna Thor (7) og Margrethe (5), som ofte er hos Akiko og Arvid. De nyter å være besteforeldre.

– Det er godt å falle til ro! Hverdagen er allright. Det er viktig å finne sin plass. Jeg kjenner at det er godt å være her!

Det kommer med ettertrykk. Men falle til ro? Jo, det føles nok slik for Akiko, som har hatt en lang og travel yrkeskarriere. Listen over ukentlige aktiviteter forteller likevel om en særdeles aktiv pensjonist:

– Mandag: matservering fra Sundhein i regi av Frivilligsentralen

– Annenhver onsdag: Dugurdstreff på Gammelbanken

– Torsdag: kafé med innvandrerkvinnene på Gammelbanken

– Annenhver fredag: tilstede på Sundtunet under personal-møtet

– Og ellers på tilkalling: følge eldre til tannlegen eller til sykehuset

Og likevel: denne aktive damen har en ro i seg, og møter «Kyrkjebladet» slik frøninger har kjent henne i alle år, som den åpne, vennlige og engasjerte. Slik er hun en god ambassadør, både for Japan, Norge og Vinstra. Vår alles Akiko!

*KjR*

*Kyrkjestaben takkar for samver og samarbeid i året som har gått, og ynskjer alle ei*

***velsigna høgtid og eit godt nytt år!***

*Redaksjonen ynskjer det same for alle sine lesarar!*



# Kvinnekaféen på Gammelbanken



*Annankvar torsdag er det kvinnekafé på Gammelbanken. Innvandrarkvinner og kvinner frå Nord-Fron møtest til sosialt samvar, trim og ymse handarbeid. Dagleg leiar Laila Fjellseth (til høgre på bildet) er fornøgd med frammøtet denne torsdagen i november. I dag er det kvinner frå Eritrea og Syria som møter opp. Dei kjem rett frå norskundervisninga. Laila fortel at fyrst er det litt trim som Gry Korsletten står for, og så er det mat. Måltidet er viktig. Førre gong var det syrisk mat, og gongen før det lapskaus. I dag er det norsk mat, brød og pålegg. Foto: Kj. Ruset.*



*Mykje trivsel på kvinnekaféen! Foto: Kj Ruset.*



*Akiko studerer kartet over Eritrea saman med eritréiske Nasrit. Foto: Kj. Ruset*

# Minne frå Klukkargarden 1953-1956

**Tre skulevenninner fortel**

**I desemberutgåva av Kyrkjebladet 2016 las vi om klokkaren og læraren Paal Kleiven, fint og interessant fortalt av sonen Hans Petter. I samtale med redaksjonen for Kyrkjebladet kom det ynskje om nokon kunne fortelja litt om skuletida hos Paal Kleiven. Så har vi gjett oss ilag tre Sødorp-jenter, født 1944, og plukka fram nokre minner frå skuletida vår. Vi er Anne Marie Skar Sandvold, Inger Lindvigsmoen Tveraas og Aase Toxe Tveit.**

## Fyrst var det småskulen

Det var tre klasserom i skulebygningen i Klukkargarden. I 1etg var Marie Bjørgum med småskulen i eitt av romma, og Paal Kleiven og storskulen i det andre. I andre høgda var Johannes Kolaas lærar, også med elevar frå storskulen. Vi gjekk annankvar dag 3 dagar i veka,. På den tida var laurdag skuledag. På inngangsdøra til skulen sto eit skilt: HOST IKKJE MOT NOKON - SPUTT IKKJE PÅ GOLVET. Det var frå tida før sjukdomar som tuberkulose vart førebygd med vaksine.

## I storskulen

Etter 2 gode år hos Marie Bjørgum kom vi i 3 klasse over til storskulen og Paal Kleiven, i eit ljost klasserom med mange glas og god utsikt. Vi meiner å hugse at sume sat ved enkeltpultar medan andre hadde dobbel pult.

Dette var i 1953. Det hang så fine teikningar på veggene hugsar Anne Marie, - laga av dei som gjekk i klassene over oss. Paal var sjølv ein ivrig og flink teiknar og målar. Han var også ein tålmodig og trygg lærar. Framfor alt var han flink til å fortelja, og gjorde dei ulike faga spennande for oss. Utanom ei og annor episoda, som han takla med innsikt og klokskap, var det alltid god stemning i klassa.

## Tran

Ikkje alle var like glade i tranflaska som sto borti skapet. Den kom fram kvar einaste gong vi skulle eta. Da laut vi finne transkeia vår. Den låg i sekken. Vi sto på rekke og venta. Den som hadde "glømt" skeia måtte bikke hugu bakover og gape høgt, - så helte Paal ned ein passe stor skvett.

## Salmar

Som klokkar og kyrkjesongar kunne Paal mange salmer, som han lærte oss. Anne Marie fortel at da ho oppdaga at mor hennar hadde ei salmebok med dei same salmene i, så brukte ho boka og song til blada vart heilt frynsete.

## Ball-leikar

I friminutta føregjekk det litt av kvart. Mykje leik med ball, som kanonball og stikkball, og bortved doveggen var det fint for oss jentene å kaste ball på veggen. Vi hadde med ball frå heime, i ei nett, og det var nok ikkje så lite konkurranse om å ha finaste ballen med god sprett. Det var vel eit spel som heitte tier`n ?

## Mjølk i klesvasken

Det var fort gjort å koma borti Brustugu. Der var det høge tre som sume likte å klatre i, men vi er ikkje sikre på om læraren vår tykte det var greitt.

Men den vesle bekken som rende der, den var fin. Og var det varmt i været kunne vi sitta der med nista vår og mjølkeflaska. Det hende mjølka vart sur i varmen og ein gong var det fleire som tømte mjølka si i bekken. Da kom det klage frå Helga nedi Moa, for ho dreiv og skylte klede akkurat da.

Elles var det vanleg å få med seg saft til nista i den varme årstida.

## Gulrotslang

I Brustugun hadde dei ein gulrotåker på andre sida av bekken. Og det var så fristande, at ein gong var det fleire av skuleungane som tok til å rive opp gulrot og ville eta. Men da kom han Edgar Hagen i ein faderleg fart.

## Ski og kjelke

Om vintrane brukte ungane både ski og kjelke til skulen. Da var grinder og le` teke bort og i friminutta gjekk vi heilt oppå Nordgard Toksejordet og køyrde ned att. Det var høg fart og stor jubel.

## Geiter i skulegarden

Aase kjem ihug at ein haust, - da kom heile geiteflokken frå Nigard Toxe nedover mot skulen i eit friminutt. Ungane vart heilt ville og geitene tok gjerne imot både klapp og kos. Men bukken var også med, og dette var seinhaustes. Det lukta bukk lang lei. Ungane frå Vinstra hadde sjølsagt ikkje lært at dei laut unngå nærkontakt med bukk om hausten. Dei klappa og leika med han, særleg gutane. Seinare fekk vi høre om fortvilte mødre som hadde fått heim ungar med så sterk ei lukt i kleda, at ikkje eingong vask hjalp. Kleda måtte kastast!

## Paal og Nora

Det hende at storfriminuttet vart langt. Men Paal hadde kontroll. Han sat nedi bustaden sin, rett innafor glaset, med god utsikt over skulegarden. Var leiken god let han oss halde på.

Måtte han ein sjeldan gong ta seg fri, så kom ho Nora, kona hans og var vikar. Det var også triveleg. Sjølv sa ho at ho var litt strengare enn Paal.

### Kongen kjem!

Palmelaurdag var ein spesiell skuledag. Da kom dei kongelege for å feire påske i Sikkilsdalen. Det var vanleg mykje folk møtte fram på stasjonen for å sjå Kongen med fylgje spasere bort til Amundsen Hotell. Den dagen gav Paal oss fri, men vi måtte koma attende til skulen når alt var over.

### Juletrefest med plissé-skjørt

Vi øvde på underholdning til juletrefesten, som vart halden på Folkets hus i romjula. Det var stor spenning og forventning knytt til denne festen. Vi hadde fått eitt eller anna nytt kleplagg ,- plissé-skjørt var i vinden den gongen. Nå skulle vi pynte oss og ha det moro ilag. Inger fortel at ho gleda seg så til denne festen at ho heldt nesten ikkje ut. Kleda ho skulle ha på seg låg klar frå tidleg på dagen. For å gjera tida stuttare la ho seg til å sove nokre timar. Så vart det endeleg tida, og far hennar kom køyrande med hest og sluffe. Dei sette seg oppi og det bar nedover frå Toksekleiva den lange og bratte vegen i mørkret.

### 17.mai

17 mai var også ein dag vi knyter i hop med Sødorp skule. Frå der gjekk barnetoget med hornmusikk, flagg og hurrarop til Sødorp kyrkje. Kyrkja var heilt full med folk. Det hende at vi ungane måtte sitta rundt alterringen. Og så reiste han seg han Paal, læraren vår og las klokkarbøna: *"Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt…."* Det var ei høgtidsstund som festa seg i minnet for all framtid.

### Skulevegen

Det blir naturleg å nemne litt om skulevegen vår også. Både Inger og Anne Marie hadde lang veg. Særleg Inger fortel om den tungvinte og lange skulevegen sin frå Toksekleiva. Frå 3 klasse gjekk ho mest åleine, på eit råk, nedover hamnlykkja og jordet på Nigard Toxe. Om vinteren kunne snøen nå opptil kneet eller vel så det. Ho drog av garde tidleg om morgonen , og ho hugsar enda ugla sine uhu - uhu der ho gjekk åleine i mørkret og stabba. Ho var redd, både for vegen og for å koma for seint til skulen. Ho gjekk ofte innom Aase og dei fylgdes siste stubben. Folk var på sætrene langt utover hausten. Inger var ein av dei som brukte mjølkebilen frå Fremre Fiskedalen og til skulen heile hausten. Ho vart bilsjuk kvar einaste tur. Når ho gjekk av bilen nedmed skulen var ho så kvalm at munnen var full av væte. Elles gjekk vi ofte i fylgje fyrste delen av heimvegen. Da hende det vi krangla, og det var to mot ein. Det skifta på kven som var den eine. Neste dag var vi oftast venner att.

### Forteljaren Paal

Som vi har nemnt før, Paal var ein flink forteljar. Han fortalde så levande om Per Gynt på Hågå at vi tykte vi var med når Per kom på ski nedover Sødorp-bygda i måneskin, hoppa over skigarden på Hågå, og fortsette heilt ned på flata ved Brandvoldsgardane. Historia om den bergtekne jenta frå Solbjør laut han fortelja fleire gonger. Siste timen las han ofte spennande bøker for oss.
Med ei tåre i augkroken minnest vi også historia til Per Sivle «Berre ein hund», om hunden Hall som fekk ein slik trist lagnad, og Jakob Breda Bull si gripande forteljing om Vesleblakken. Og songar som Vildanden, Lykksalig Lykksalig, og Milde Jesus. - Vi fekk ofte stiloppgåver som appelerte til både fantasi og forteljarevne. Da var det lett å dikte vidare på Paal sine historier og gjera dei til våre eigne.

Dette var nokre glimt frå skuletida vår i Klukkargarden. I 5.klasse flytta vi til ny skule på Brakje-jordet. Dette var enten på seinhausten 1955 eller på nyåret i -56. Da tok ei ny epoke til. Men Paal var læraren vår heilt til vi gjekk ut av 7 klasse våren 1958.
Vi minnes Paal Kleiven med glede og takksemd.

***God jul til alle!***

*Helsing*
*Anne Marie Skar Sandvold, Inger Lindvigsmoen Tveraas og Aase Toxe Tveit*


**Vi er her for deg, om du treng nokon å snakke med, ein som lyttar, eller du ynskjer forbøn. Tilbodet er gratis og vi har teieplikt.**

**Sokneprest Jens Petter Ous** Tlf: 61 21 62 93 Mobil: 975 74 993
E-post: Jens.Petter. Ous@nord-fron.kommune.no

**Sokneprest Terje Elvestad** Tlf: 61 21 62 94 Mobil: 456 11 772
E-post: Terje.Elvestad@nord-fron.kommune.no

**Diakon Ingunn Liseter** Mobil: 976 82 694
E-post: Ingunn.Liseter@nord-fron.kommune.no

**Den norske Kyrkja i Nord-Fron, Kyrkjekontoret:** Tlf: 61 21 62 90

KIRKENS SOS
HEDMARK OG OPPLAND
Tilgjengelig for deg er også https://nettkirken.no/ og www.kirkens-sos.no

# Julegaver som gleder

**9 av 10 nordmenn sier de hadde blitt vel så glad for å få noe annet enn harde pakker under treet. Men hvordan finne de gode gavene?**

For ti år siden var det ikke vanlig at det dukket opp kort med geiter under norske juletrær. I dag gir imidlertid 1 av 10 nordmenn såkalte etiske julegaver. Mathilde Stray Øksendal (24) er en av dem som i år gir vekk gavekort på kylling og trygghet for barn.

- Jeg husker da min tante spurte om jeg var gammel nok til å få en geit i julegave. Jeg sa nei. Noen år senere fikk jeg det likevel. Egentlig ble jeg litt sur, ler Mathilde.

## To kylling til prisen av en

Nå har hun imidlertid selv lagt inn et stopp hos Strømmestiftelsens lokaler under julehandelen.

- Jeg kan jo ikke akkurat røpe hva jeg har kjøpt til hvem, for det må jo være en overraskelse. Men jeg har et tips jeg kan dele: Det går jo for eksempel an å gi en kylling til 75 kroner i tillegg til en annen gave. Mine nevøer og nieser klarer ikke å finne ut hva de ønsker seg når jeg spør dem. Når en tiåring ikke kommer på noe de har lyst på, da trenger de kanskje ikke så mye mer heller? Så i år satser jeg på en kombinasjon: Nevøer og nieser får en kylling hver. Dermed får de noe av varig verdi, noe som minner dem om at de er del av en større verden – og i tillegg får de en litt mer ordinær gave, sier Mathilde.

Mathilde har også tenkt å gi "Stopp et barneekteskap"-kort til en kvinne hun kjenner svært godt, men som hun ikke vil røpe navnet.

- I høst har jeg og min mor fulgt med på Aftenposten sin TV-serie Motherhood. Serien som er laget i samarbeid med Strømmestiftelsen, viser hvilke utfordringer mødre i Nepal står overfor. Etter å ha sett serien og blitt klar over at mødre kan føle seg tvunget til å selge barna sine, så føles det naturlig å gi et sånt gavekort til en mamma som aldri trengte å stå overfor tilsvarende valg, sier Mathilde.

## Julegavetips

Det er hun ikke alene om. For mange kan det oppleves som vanskelig, og ikke minst tidkrevende, å finne de gode julegavene.

Hele 4 av 10 ønsker seg et varig minne, mens kun 1 av 4 ønsker seg harde pakker. Det er gode nyheter både for miljøet og for bistandsorganisasjoner. Det finnes gode tips for den som ønsker å glede andre med julegaver, men som likevel ønsker å holde kjøpepresset nede.

Her har vi samlet et knippe tips for de som lurer på hva de skal gi til den som tilsynelatende har alt. Kanskje kan det gi noen tips til hva du kan kjøpe til besteforeldre som bare ønsker seg "snille barn" eller til svogeren som ikke ønsker seg noe under 1000-lappen. Og kanskje gir det også tips til hva du selv kan ønske deg!

## Tips for den som ønsker å gi og få mindre ting og tang:

- Ved å skrive ønskeliste er du faktisk med på å bidra til mindre sløsing og forbruk. Ved å fortelle de rundt deg hva du ønsker deg og trenger, er sannsynligheten større for at du får noe som blir brukt. En gave du ikke får brukt forurenser like mye som noe du faktisk trenger!
- Et annet tips er gjenbruk. Ikke bare er det i vinden om dagen, men også helt genialt. Bruksgaver som ski, skøyter og slalåmsko trenger absolutt ikke kjøpes nytt, det byttes likevel ut annethvert år fordi barna vokser ut av det. Hva med å kjøpe et vakkert porselensfat til en venninne fra en lokal bruktbutikk?
- Kjøp opplevelser! For eksempel kinobilletter, teaterbilletter, inngang til svømmebasseng eller gavekort på kafe.
- Lag ting selv. Mange setter stor pris på å få noe som er hjemmelaga. Det viser at du har brukt tid og omtanke på gaven. Du kan for eksempel fylle et glass med knekkebrødblanding, lage badesalt eller bake noe.
- Gjør som Mathilde og gi en etisk julegave. Og kanskje et enda bedre tips: Ønsk deg en etisk julegave selv.

# Hellegangane på Kvam Kyrkjegard

i Kvam er gamle og i ferd med å gå i oppløysing; det vil seie: Hellene deler seg og vert trakka i sund. Vi ser også at hellegangane vert liggande lågare enn plenane på sidene, noko som gjer at det på vinterstid vert liggande vatn på hellegangane og dette frys sjølvsagt til is. Med det vert hellegangane lett til fare for dei som ferdast på kyrkjegarden vinterstid.

Soknerådet i Kvam har drøfta dette problemet, og sett på kva som kan gjerast. Soknerådet ynskjer følgjande løysing: Hellene vert fjerna og området der hellene har vore, vert fylt opp med jord, og så vert det sådd til med plen. Dei hellene som kan nyttast, vert lagt oppå steingardane rundt kyrkjegarden, slik det no er på steingarden mot vegen. På den måten vil ein hindra at steingarden vert øydelagt når vatten renn nedi og vert til is vinterstid. Vi har hatt noko problem med dette den siste tida. Eit slikt arbeid må sjølvsagt gå over noko tid, slik at graset får tid til å gro der det vert sådd til.

Gangvegane på kyrkjegarden vil då i framtida vera grøn plen (Unnateke hellegangen frå riksvegen og inn til hovudinngang i kyrkja). Erfaringane frå dei andre kyrkjegardane i Nord-Fron, med grasplen der det er gangvegar, er gode. Det er pent og det er lettare og rimelegare med tanke på vedlikehald.

*For Kvam sokneråd - Jens Petter Ous*

# Gravminner på Kvam kyrkjegard

Soknerådet har lenge jobba med å få til stativ for gamle gravminner på Kvam kyrkjegard. No ser det ut til at det skal la seg gjera å realisera denne draumen. Trevirke har vi fått. No gjeld det å finna den beste plasseringa for eit slikt gravminnestativ på kyrkjegarden. Vi har sett litt på andre kyrkjegardar, både med tanke på utforming av gravminnestativ og plassering. Det er viktig at historia vert teke vare på og at dei gamle gravminna ikkje vert ståande for lenge under open himmel; særleg klebersteinane vert slitt ned av vèr og vind.

Og då kjem eg til noko av det som motiverer desse orda: er det nokon som har liggande nokre skifertaksteinar som ikkje vert brukt heime? Kanskje kunne desse vert til takstein på gravminnestativa på kyrkjegarden. Ta kontakt med kyrkjetenar Svein Fredrik Kjæstad (908 45 584) eller underteikna (975 74 993).

*Jens Petter Ous – denne gong på vegne av soknerådet i Kvam.*



*Slik kan eit gravminne-stativ sjå ut. I Kvam vil ein ha skiferheller på taket (sjå tekst), Foto: J.P. Ous.*

# Konfirmantjubileum

I dette nummeret av Kyrkjebladet finn du mange bilete av konfirmantjubilantar. I kvart sokn har vi samling for jubilantane i september månad. Soknerådet inviterer til gudsteneste og påfølgjande samling med god mat og triveleg samvær. Det er godt å møtast og prate saman, og minnast ei viktig tid i livet. Minne vert friska oppatt. Artige historier frå konfirmanttida vert delt.

For mange er desse samlingane eit kjærkome høve til ein tur attende til bygda ein vaks opp i. Så ser vi også at det er mange av dei som ikkje lenger bur i Fron som kjem på konfirmantjubiléa. Om eg skulle kome med eit ynskje for desse samlingane, så var det at endå fleire av dykk som framleis bur her i Fron også stiller opp!

***Velkommen til konfirmant-jubiléum !***

*Jens Petter Ous*

# Konfirmant-jubilantar Kvikne 2017



**50-års konfirmantar**

*F.v: Aase Aanstad, Jorunn Irene (Syverstuen) Espedal, Esther Anne (Smikop) Fedreheim, Randi (Nyfløtt) Espe, Åse (Dahlen) Slåstuen.*
*Bak f.v: Einar Espe, Åge Silliløkken, Guri Marie (Tungen) Hagen, Svein Arne Myhr, Even Pål Sletten.*



*Sokneprest Ingvald Skaare med 1967-konfirmantane i Kvikne.*

# Konfirmant-jubilantar Kvikne 2017



**60-års konfirmantar**

*F.v: Jan Palmer Ovrum, Ivar Kleiven, Liv Grethe (Rusten) Veikleenget, Martha (Varpestuen) Blekastad, Magnar Wistad. Foto: JPOus.*

# Konfirmant-jubilantar Skåbu 2017



**50-års konfirmant**

*Ole Petter Kleiven. Foto: Anne Mari Lo.*



**60-års konfirmantar**

*Foran f.v: Liv (Åsland) Hamre, Tordis Marie Sande Bak f.v Odd Hermann Blekastad, Rolf Blekastad, Jo Risdal. Foto: Anne Mari Lo.*

# Konfirmant-jubilantar Sødorp 2017



**50-års konfirmantar**

*Foran f.v: Bjørg Helene Kolås, Åse Solveig Baukhol, Eva Bryhn Baukhol, Ingrid (Byrløkken) Kvålshagen, Unni Sissel (Karlsrud) Stavnhaugen.*
*2.rekkje f.v: Rolf Aasmundstad, Oddgeir Bratlien, Magne Petter Bakken, Halvard Mathias Green.*
*3.rekkje f.v: Odd Arne Skogen, Stein Solbraa, Oddvar Arne Venåsen.*
*Bak f.v: Kjell Slaaen, Steinar Roen, Anton Torbjørn Syverhuset, Ole Jordalsløkken.*
*Foto: JPOus.*

# Konfirmant-jubilantar Sødorp 2017



**60-års konfirmantar**

*Foran f.v: Randi Margrethe (Brenna) Lunde, Odveig Audny Syverhuset, Margrete (Engum) Myhre, Maria Stenseng Røen.*
*2.rekkje f.v: Inger Storholm, Astrid Reidun (Roen) Sletten, Gerd Lillian Furuheim, Vigdis Margrethe Tamburstuen.*
*Bak f.v: Amund Lo, Halvor Palmer Gudbrandstuen, Terje Fredriksen, Arve Magne Mathisen.*
*Foto: JPOus.*



**70-års konfirmantar**

*Frå venstre: Bjarne Kolbjørn Hvattum, Kari Oddveig (Slåstuen) Lillegård,*
*Birger Edvin Furuheim, Guri Eva Solli, Karen Jøran (Hvattum) Holten.*
*Foto: JPOus.*



**80-års konfirmantar**

*Elida (Sandbu) Brånå,*
*Reidun Dagny (Kvammen) Hagen.*
*Foto: JPOus.*

# Konfirmant-jubilantar Kvam 2017



**50-års konfirmantar**

*Foran f.v: Bjørg Bråthen Knuts, Mari (Kleiven) Været, Marit (Lund) Krok, Åse (Brendstuen) Fischer, Aud (Lien) Brendstuen.*
*Bak f.v: Anders Stø, Tor Ivar Klomstad, Arvid Magne Steine, Per Bjørge.*



**60-års konfirmantar**

*Foran f.v: Reidun (Lihaug) Næprud, Ingeborg (Myromslien) Bilben, Margrethe (Lunde) Dahlen, Arne Jan Randen.*
*Bak f.v: Knut Sveen, Ole Harry Hansen, Steinar Berge, Steinar Stormorken.*

SpareBank 1 GUDBRANDSDAL
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no

Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen
Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Visntra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

Flymoen Gartneri
Gammelgata 26, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 15 46 - 901 41 354

Vinstra libris
Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no
www.libris.no/vinstra

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.
www.dg-trykk.no

HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-

CIRCLE K
Vinstra.
Tlf 61 29 04 01

TOYOTA
DOKKEN BIL AS
Tlf.61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyta.no - E-mail: post.vinstra@toyota

Hageland Bjørke
Tlf 915 750 74
Vi hjelper deg med blomster til begravelse og andre anledninger.
INTERFLORA

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER
Lomoen - Vinstra
Tlf. 61 21 60 00
Fax 61 21 60 01

Bakken Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27

Gudbrandsdal Energi
Tlf. 61 29 47 00 - www.ge.no

Rondablikk
Tlf. 61 29 49 40 - www.rondablikk.no
Rondablikk har lokaler som dekker det fleste behov:
• Barnedåp • konfirmasjon
• bryllup.
Og om det er noen som runder år,
er dere velkomne til å feire dette sammen med oss.
Nyt middagen til med utsikten til fantastiske Rondane.

Tore Søndenfor
Landbruksentreprenør TLF 901 97 409

SENTRUMS HJØRNET
Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

BE Sanden Bygg AS
Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar

abaris
APPS FOR BUSINESS
Elvevegen 5, 2642 Kvam. Tlf: 98 26 68 80

Vinstra Begravelsesbyrå
*Liv Veikleenget*
Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943
Døgnvakt – Gravmonumenter
Etablert 1979

RUSTUGUSETRA
Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice
Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173
2642 Kvam

TEIGEN – TANGEN byggfirma
Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

Peer Gynt Seterveg
Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km.
Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam.
Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!
Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com

ruste regnskap
Strandgt. 54, 2640 Vinstra. Tlf: 61 29 26 60 / 924 64 529
E-post: post@rusteregnskap.no

REMA 1000
Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

CIRCLE K
Kvam
Tlf 61 29 44 30

KIWI minipris
KIWI KVAM
TLF. 612 16 850

HVEM KAN SLÅ
Anne Kari Haugalien?
MIDTDALENS HUMORDRONNING
OG SELVERKLÆRT MOSJONIST
Furusjøen rundt 1967 FOR ALLE!
RENN RITT LØP



Aktive og mosjonister
Flere distanser
Ulike utfordringer

Sterk & Smidig
trening for alle
Tlf. 922 50 868

Tokskleiva
HUNDEPENSJONAT - VINSTRA
Tlf. 971 88 621

Fron Traktor Service
Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

SLANGEN SETER
2643 SKÅBU
Tlf. 61 29 55 18 - Mobil: 99 59 55 18 - 90 95 88 38
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Skåbu Servicesenter
Hos Rødhette & Ulven
• Restaurant • Bar
• Catering • Cafe
• Kokken hjem/På hytta
61 29 55 86 - 975 62 208
2643 Skåbu - facebook
Velkommen

coop marked

SKÅBU REGNSKAP AS
MEDLEM REGNSKAP NORGE
post@skaaburegnskap.no
Tlf.: 413 83 898

KLYPPEKROKEN
TOVE IREN ERIKSEN
Tlf. 97 73 72 14

STØTT VÅRE ANNONSØRER!

## NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.
E-post: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

# Gudstenester i Nord-Fron januar – mars 2018

| TID | SØDORP | KVAM | KVIKNE | SKÅBU |
|---|---|---|---|---|
| Nyårsdagen<br>**1.januar**<br>Matt 1,20b–21 | | 17.00 Eftasmesse på starten av det nye året<br>Terje Elvestad | | |
| Kristi openberringsdag<br>**7.januar**<br>Luk 2,40–52 | | | 11.00 Høgmesse<br>Nattverd<br>Jens Petter Ous | |
| Måndag<br>**8.januar** | | 19.00 Konsert<br>«Elvis goes to church» | | |
| Laurdag<br>**13.januar** | | 18-21.00 Tårnagentsamling for 8-åringar | | |
| 2.s i openberringstida<br>**14.januar**<br>Mark 1,3–11 | 11.00 Kyrkja<br>Høgmesse. Nattverd<br>Terje Elvestad | | | |
| 3.s. i openberringstida<br>21.januar<br>Joh 4,4–26 | 17.00 Kapellet Familie-gudsteneste Utdeling Biblar 5.kl T.Elvestad | 11.00 Høgmesse<br>Nattverd<br>Jens Petter Ous | | 11.00 Familiegudsteneste<br>Utdeling Biblar 5.kl<br>Terje Elvestad |
| Laurdag<br>**27.januar** | | | | 18-21.00<br>Tårnagentsaling for<br>8-åringar |
| Såmannssøndag<br>**28.januar**<br>Mark 4,26–34 | 18.00 Betania Bibeldagen<br>Felleskyrkjeleg gudst<br>(JPOus) | | 11.00 Familiegudsteneste<br>Utdeling Biblar 5.kl<br>Jens Petter Ous | |
| Kristi forklåringsdag<br>**4.februar**<br>Mark 9,2–13 | 10.30 Sundheim<br>Høgmesse. Nattverd.<br>Terje Elvestad | 17.00 Familiegudsteneste<br>Utdeling Biblar 5.kl<br>Terje Elvestad | | |
| Fastelavenssøndag<br>**11.februar**<br>Joh 12,20–33 | 11.00 Kyrkja<br>Høgmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous | | | 19.00 Kveldsmesse<br>Nattverd<br>Jens Petter Ous |
| Askeonsdag<br>**14.februar**<br>Matt 12,38–42 | | 19.00 Kvam kyrkje<br>Askeonsdagsmesse<br>Nattverd. Konf og JPO | | |
| 1.s. i fastetida<br>**18.februar**<br>**Matt 16,21–23** | 17.00 Kapellet<br>Eftasmesse. Nattverd<br>Terje Elvestad | | 11.00 Høgmesse<br>Nattverd<br>Terje Elvestad | |
| 2.s. i fastetida<br>**25.februar**<br>Luk 7,36–50 | | 17.00 Eftasmessemesse<br>Nattverd<br>Jens Petter Ous | | 11.00 Familiegudsteneste<br>Nattverd. 6-års-boka<br>Jens Petter Ous |
| 3.s. i fastetida<br>**4.mars**<br>Mark 9,17–29 | Prestane i Nord-Gudbrandsdal er på studietur | | | |
| 4.s. i fastetida<br>**11.mars**<br>Joh 3,11–16 | 17.00 Kyrkja Eftasmesse<br>Nattverd.<br>Terje Elvestad | 11.00 Familiegudsteneste<br>Nattverd. 6-års-boka<br>Terje Elvestad | | |
| Maria bodskapsdag<br>**18.mars**<br>Luk 1,46–55 | 11.00 Kyrkja Familiegudst<br>Nattverd. 6-års-boka<br>Terje Elvestad | | | |
| Palmesøndag<br>**25.mars**<br>Matt 26,6–13 | | | 11.00 Familiegudsteneste<br>Nattverd 6-års-boka<br>Jens Petter Ous | 19.00 Ungdomsgudsteneste<br>Nattverd. Leirungdom frå<br>Slangen og JPO |
| **I dei fire kollonnene frå høgre står gudstenestene i kvart sokn med tal framfor.<br>Talet er klokkeslett for gudstenestene.** | | | | |

*Alle gudstenester vert annonsert i GD på fredagar. Sjå ellers nettsida: www.nord-fron.kirken.no*

FULLDISTRIBUSJON

# *Det finnes en dyrebar rose*



*Det finnes en dyrebar rose*
*som aldri skal visne hen,*
*den trosser all frost på jorden*
*og blomstrer og blomstrer igjen.*

*Den blomstret ved foten av Sinai*
*for Moses, med flammende ild;*
*den brennende busk var Guds løfte*
*om frelse, da alt stod på spill.*

*Den blomstret i Betlehems vinter,*
*den blomstret i Nasarets vår,*
*den blomstret som flammer i torner*
*i Golgatas blødende sår*

*Den blomstrer fremdeles i verden*
*og dufter av sommer, til trøst*
*for alle som bøyes av smerte*
*i jordlivets nakne høst*

*Å, brennende rose som blomstrer*
*i kulde i smerte og savn!*
*Å, hellige tegn på jorden!*
*Guds kjærlighet er dens navn.*

*Svein Ørnulf Ellingsen  NoS 103*